



Hardangerrådet iKS



Til
Hordaland fylkeskommune
Mail hfk@hfk.no

Kopi
Hardangerkommunane

Melding om vedtak gjort i Hardangerrådet 30.03.2017

Særutskrift:

HR-sak 09/17 Uttale frå Hardangerrådet til Regional Transportplan for Hordaland

Vedtak:

Hardangerrådet sender slik uttale til Hordaland fylkeskommune vedr. Regional Transportplan Hordaland 2018 – 2029:

Hardangerrådet støttar strategien for drift og vedlikehald av fylkesvegane i Hordaland fram mot 2029.

Hardangerrådet meiner likevel at hovudmålet for fylkesvegnettet må vera å fjerna forfallet gjennom styrka vedlikehald slik at heile fylkesvegnettet får ein akseptabel standard. Det er ikkje offensivt nok berre å stoppa veksten i forfallet. Planen viser at det samla forfallet på fylkesvegnettet utgjer over 7,3 mrd. Det må sikrast rammer slik at dette forfallet kan fjernast. Ein må derfor i planen visa at ein har slik ambisjon for heile fylkesvegnettet, ikkje berre for det overordna.

Hardangerrådet støttar formuleringane i planen vedr. tilrettelegging for reiselivets behov for kollektivtilbod. Det er viktig at haldeplasstruktur vert tilpassa reiselivets behov. Billettsystemet som skal nyttast i kollektivtrafikken må vera tilpassa «dagens» betalingssystem.

Kinsarvik 31.03.2017

Fruktbar helsing Hardangerrådet iKS

Trude L. Rinaldo
Konsulent
Hardangerrådet iKS signerar digitalt